



Hordaland Røde Kors
Ove Rio
Sandbrekkevegen 95
5225 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8986 - 22/82669

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
31.10.2022

Dispensasjon til motorferdsel i utmark, 2023-2024, Nordhordland Røde Kors

Administrativt vedtak: Saknr: 1220/22

VEDTAK:

Med heimel i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag §6 gjev Alver kommune dispensasjon frå forbod om motorferdsel i utmark til Nordhordland Røde Kors. Dispensasjonen gjeld naudsynt bruk av snøscooter knytta til opplæring og øvrig Røde Kors aktivitet.

Dispensasjonen er avgrensa geografisk til Alver kommune.

Løyve skal vere med i fartøyet under oppdrag og gjeld for 2023 og 2024.

Dispensasjonen gjeldar i utgangspunkt snøscootere: EA2882, JN2274 og TH3125. I nødstilfelle kan og andre snøscootere brukast.

Saka gjeld:

Nordhordland Røde Kors søker om bruk av snøscooter i utmark for 2023 og 2024 i Alver Kommune så lenge værforholdene tilsier at snøscooter er egnet som fremkomstmiddel for at Hjelpekorpsset skal utføre sin virksomhet.

Nordhordland Røde Kors ynskjer å være tilstade i samband med den aktiviteten som skjer i Stordalen/Matre/Stølsheimen, både med skitrekk, hytter og turisthytter, og ynskjer samtidig å øke deira innsats i dette området. Bakgrunnen er at dei siste åra har det blitt sett ein auke i oppdrag/aksjonar i dette området både vinterstid og andre tidar av året. Då dette området er svært krevande å operere i når det er dårlig vær på vinterstid, er det behov for opplæring, øvingar og rekognosering/kjentmannsturar.

Søknad er gjeldande for følgjande scooter:
EA 2882

JN2274
TH3125

Laget har tilgang til fleire ved behov.

VURDERING:

Prinsippa i §§ 8–1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng.

Den beskjedne snøscooter aktiviteten vil etter vår vurdering ikkje væra til skade for naturmangfaldet. Røde Kors sin vinter aktivitet er viktig for almenta sin tryggleik når dei ferdist i fjellheimen og elles der allmenta utøver vinter aktivitet. På bakgrunn av dette er røde kors sin snøscooter bruk å ansjå som samfunnsinteresse av stor vekt.

Regelverk

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.
Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark.
Naturmangfaldlova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/82669

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hordaland Røde Kors

Sandbrekkevegen 95

5225

NESTTUN